

Innkalling til årsmøte i Syltøy Grendalag 2014

Torsdag 20. mars 2014 kl. 19 på Syltøy skule

Saksliste:

- Godkjenning av innkalling
- Val av møteiar og referent
- To representantar til underskriving av referat
- Årsmelding (vedlagt)
- Rekneskap for 2013 (vedlagt)
- Endring i vedtekter (styret sitt forslag er vedlagt, gjeldande vedtekter ligg på heimesida)
- Medlemskontingent for 2014
Styret sitt forslag: Medlemmer/Husstand kr. 400. Støttemedlemmer kr. 200.
- Status overtaking av gymsalen
- Driftsbudsjett for 2014. Styret sitt forslag:

Inntekter		Utgifter	
Medlemskontingent	15.000	Straum	20.000
Adventskafe	40.000	Kommunale avgifter	6.000
Bingo	5.000	Forsikring	5.000
Kulturmidlar	10.000	Vedlikehald	20.000
Utleige	5.000	Internett	6.000
Grasrotmidlar	2.000	Haustrur	3.000
Renter	2.000	Eldretur	3.000
		Ungdom	3.000
		Til disposisjon for styret	13.000
Totalt inntekter	79.000	Totalt utgifter	79.000

- Investering i 2014. Styret sitt forslag:
 - Hjertestartar kr. 10.000
 - Inventar; møblar, servise og bestikk kr. 50.000
 - Utvendig opprusting kr. 50.000

Endeleg vedtak om investeringar må gjerast i medlemsmøte, når avtale om overtaking av gymsal er klar. Deler av investeringane er tenkt dekkja av sponsormidlar, og det er dermed usikkert om alt let seg gjennomføra. Det må og vurderast om oppsparte midlar skal nyttast.

- Val:
 - Styremedlemmer på val:
Beate Johansen og Kåre Lillebø
 - Styremedlemmer som ikkje er på val:
Eldbjørg Syltøy, Ove Stusdal og Knut Olav Liland
 - Varamedlemmer på val:
Krister Vindenes og Jan Bratland
 - Valkomite på val:
Jarle Syltøy og Jakob Magnar Jakobsen
 - Revisor på val:
Jostein Jakobsen

Valkomiteen har ikkje levert si innstilling enno.

Andre saker til årsmøtet må vera styret i hende innan 6. mars 2014

Styret ynskjer alle vel møtt !

Regnskap Syltøy Grendalag 2013

Regnskap 2013 Budsjett 2013

Inngående balanse	209 465,32	209 465,32
Inntekter:		
Medlemskontigent	3 800,00	
Adventkafe	47 318,52	
Renter	1 882,42	
Sum inntekter	53 000,94	
Utgifter:		
Høsttur	9 315,00	10 000,00
Eldretur	-	10 000,00
Adventkafe	10 291,52	6 000,00
Til disp. for styret	5 489,36	15 000,00
Sankt hans, halloween, ryddeaksjon	960,2	
Båten på snuplassen, blomer, vedlikehold o.l.	3614,16	
Andre driftsutgifter, domene gebyr, org. Nr o.l.	879	
Gebyrer	36	
Sum utgifter	25 095,88	41 000,00
Driftsresultat	27 905,06	-41 000,00
Utgående Balanse	237 370,38	168 465,32



Knut Olav Liland
Kasserer



Jostein Jakobsen
Revisor

ÅRSMELDING SYLTØY GRENDALAG 2013

Styret i 2013:

Leiar: Eldbjørg Syltøy (til august 2013)
Leiar: Kåre Lillebø (frå august 2013)
Nestleiar: Kåre Lillebø
Kasserar: knut Olav Liland
Sekretær: Ove Geir Stusdal
Styremedlem: Beate Johansen
Varamedlem: Krister Vindenes
Varamedlem: Jan Bratland

Styret har hatt 7 møter i den aktuelle perioden

Aktivitetar 2013

- Ryddeaksjon
- Dugnad i badevika
- Jonsokfeiring
- Folkemøte
- Hausttur
- Adventskafe
- Bading

Rydddeaksjon

Den årlege ryddeaksjonen vart gjennomført 7. mai. Det var bra oppmøte.

Badevika

Årets dugnad i badevika vart gjennomført 6.juni, her var særst dårlig frammøte. Berre ein person møtte. Møblane vart olja og stranda vart rydda.

Jonsokfeiring

Jonsokafta vart feira i Grindavika ved snuplassen. Det var god tilførsel på materiell til bålet. Grendalaget held grillkol og elles tok folk med seg mat og drikke etter eige ynskje. Det var bra oppslutnad til dette arrangementet.

Folkemøte/medlemsmøte

Det vart arrangert medlemsmøte/folkemøte 16.10.2013 for å avklare interessa for å om mogeleg overta skulebygget som grendahus for bygda. Det var ca. 25 frammøtte på møtet. Styret informerte om at dugnadsinnsatsen må intensiverast dersom grenda ynskjer å overta bygget. Stemninga på møte var god og det var einighet om at ein skulle jobbe for å overta heile skulebygget samt heile uteområdet om mogeleg.

Hausttur

Årets hausttur vart gjennomført helga 30.- 31.august. 15 personer deltok på turen. Privatbilar vart brukt til transport inn til Kinsarvik. Grendalaget sponsa turen med 10 000 kroner, resterande vart dekkja av deltakarane. Turen gjekk til Husadalen og Vierdalen. Sjå elles www.syltøy.no for bilete frå turen.

Adventskafe

Adventskafeen vart arrangert sundag 1. desember. Det var sær god oppslutnad om arrangementet. Det vart gjennomført 2 åre-trekningar og trekning av loddbøkene med mange flotte gevinstar. Netto inntekt vart kr 40 987.

Bading

Syltøy grendalag disponerer saman med Lokøy vel bassenget på Ulveset skule kvar måndag frå kl. 1800 til 2000. Fyste timen er lagt opp til dei minste og siste timen for dei største. Det har vore varierende oppmøte, frå 3 til 15 personer.

Andre saker som styret har arbeidd med

Skulenedlegging og etterbruk av skulebygget

Kommunestyret vedtok 20.06.2013 å leggje ned skuledrifta på skulen og flytte elevane over til Skålevik skule frå hausten 2013. 28.11.2013 vedtok kommunestyret at Syltøy grendalag får overta skulebygget samt noko uteområde for ein symbolsk sum. Resten av tomta vert seld på den opne marknaden. Grendalaget ventar no på innkalling til møte i kommunen for å avklare tomtegrensar og andre forhold rundt overtakinga av bygget.

Vidareføring av offentlig vassleidning

Grendalaget har jobba med Fjellvar for å få vidareført vassleidningen, i fyste omgang, forbi Smøget. Fjellvar opna for mogelegheita for ein slik vidareføring dersom det vart pengar att etter sluttoppgjøret med entreprenøren som sto for arbeidet her ute. Etter lang tid og mykje fram og tilbake har Fjellvar gjeve tilbakemelding om at det ikkje er pengar att i dette prosjektet.

Grendalaget har sendt brev til kommunen kor vi ber om at ei vidareføring av vassleidninga her ute vert prioritert ved neste rullering av planane for utbyggjing av vassverket.

Grasrotandel

Syltøy grendalag vart registrert i frivillighetsregisteret og oppfyller no krava for å motta grasrotmidlar.

Stengt skulebygg

Etter at skulen vart nedlagt stengte kommunen bygga pga. mellom anna feil på brannalarmanlegget. Nokre arrangement måtte difor avlysast mellom anna ein markering av at skulen vart nedlagt. Grendalaget har no tilgong til gymsalbygget under føresetnad av at vi tar ansvar for det organisatoriske brannvernarbeidet. Instruks for brukare av bygget er i den samanheng utarbeida og hengt opp på skulen.

Avtale om bruk av badevika

Avtalen om bruk av badevika vart forlenga med 10 nye år med grunneigar.

Referat frå styremøta 2013 kan finnast på www.syltøy.no eller ved å ta kontakt med sekretær i styret.

Styret takkar for seg.

Vedtekter for Syltøy grendalag

Fastsett på medlemsmøte 13.06.1989
Endra på årsmøtet 11.03.1992, 11.03.2003 og 07.03.2012

Forslag til endring av vedtektene på årsmøtet 20.03.2014

§ 1 Føremål

Føremålet med Syltøy grendalag er å ta i vare felles interesser for innbyggjarane på Syltøyna og Risholmen. Styret kan samarbeida med andre lag og institusjonar i saker av felles interesse. Grendalaget er politisk nøytral.

§ 2a Medlemskap

Medlemskapet er frivillig. Medlemskapet er pr. husstand, og gjeld fastbuande på Syltøyna og Risholmen. Medlemskapet er gyldig så lenge den fastsette kontigenten er betalt. Enkelpersonar med tilknytning til Syltøyna og Risholm kan være støttemedlem.

§ 2b Stemmerett

Alle personar i husstandar med medlemsskap, som er over 16 år, og som har fast bustadadresse på Syltøyna eller Risholmen, har stemmerett og kan velgjast til styret. Støttemedlemmer har tale- og forslagsrett i grendalaget, men har ikkje stemmerett, og kan ikkje velgjast til styret.

§ 2c Rettar og plikter

Personar med medlemskap skal, fritt eller til lav kostnad, kunne disponera grendalaget sine anlegg og utstyr, etter nærare avtale med styret. Medlemskapet forpliktar også til dugnad og andre tiltak, til støtte for grendalaget. Støttemedlemmer skal, til rebattert kostnad, kunne disponera grendalaget sine anlegg og utstyr, etter nærare avtale med styret.

§ 3 Kontingent

Det skal krevjast inn ein årleg medlemskontingent, etter at denne er fastsett på årsmøtet. Kontigenten skal vera eit viktig bidrag til dekning av grendalaget sine driftsutgifter. Kontingenten for støttemedlemmer vert fastsett på årsmøtet.

§ 4 Styret

Styret i grendalaget skal bestå av 5 medlemmer og 2 vararepresentantar. Aldersgrensa for styremedlemar og vararepresentantar er 16 år. Styret skal ha jevnlege møter, og ved behov. Alle saker og all korrespondanse skal leggjast fram på styremøtet. Styret kan fatta vedtak i saker når eit fleirtal av styremedlemane, deriblant leiar eller nestleiar, er til stades. Vedtak som styret skal fatta krev vanleg fleirtal. Ved lik stemmegjeving har fungerande leiar dobbel stemme. Vedtak fatta av styret skal protokollførast. Alle utbetalingar skal attesterast av leiaren. Rekneskapsåret følgjer kalendaråret.

§ 5 Medlemsmøte

Medlemsmøter kan haldast når styret finn dette naudsynt, eller når minst 1/4 av medlemmene leverer skriftleg krav om dette. Medlemsmøter skal kunngjerast minst 8 dagar på førehand.

§ 6 Årsmøte

Årsmøtet er lagets øvste organ. Ordinært årsmøte vert halde i februar/mars månad. Styret fastset nærare tid og stad, og kunngjer dette minst 14 dagar på førehand. Det skal gå fram av innkallinga kva saker som skal handsamast på årsmøte.

Årsmøtet handsamar:

- årsmelding
- rekneskap
- budsjett
- innkomne forslag
- val i samsvar med § 7

Forslag til saker på årsmøtet må setjast fram skriftleg til styret minst 7 dagar i forkant.

Vedtak som årsmøtet skal fatta krev vanleg fleirtal blant dei frammøtte som har stemmerett.

Vedtektsendring krev 2/3 fleirtal. Vedtak fatta på årsmøtet skal protokollførast.

Ekstraordinært årsmøte skal haldast når styret finn det naudsynt eller når minst 1/4 av medlemmene leverer skriftleg krav om dette.

§ 7 Val

Det er val på medlemmer og vararepresentantar til styret ein gong for året. Ein valkomite skal innstilla personar på val. Fast busette over 16 år, der husstanden er medlem, kan delta i valet.

Styremedlemmer skal veljast for ein periode på 2 år. Vararepresentantar, revisor og valkomite skal veljast for ein periode på 1 år. Samtlege kan, etter endt periode, veljast på nytt.

Årsmøtet skal velja:

- styremedlemmer
- vararepresentantar
- revisor
- valkomite

Styret skal sjølv velja:

- leiar
- nestleiar
- sekretær
- kasserar

§ 8 Oppløysing av grendalaget

Oppløysing av grendalaget kan gjennomførast når minst 2/3 av medlemmene skriftleg har godkjent dette.

Dersom laget har att midlar etter ei eventuell oppløysing, skal desse midlane brukast til særskilte, allmennyttige føremål i tråd med intensjonane i § 1.